

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 07.06.2018

Vår ref.: 201605625-6

Arkiv: 312 / 097

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Tord Solvang

22959248/toso@nve.no

Høyring av søknad om løyve til å byggje Nøvedalselva kraftverk i Ørsta kommune i Møre og Romsdal fylke

NVE har motteke ein søknad frå Småkraft AS, datert 11.5.2018, om løyve til Nøvedalselva kraftverk i Ørsta kommune.

Nøvedalselva kraftverk vil nytte eit fall på 315 m i Nøvedalselva med inntak på kote 375 og kraftstasjon på kote 60. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1200 m lang elvestrekning i Nøvedalselva. Vassvegen blir om lag 1050 m og skal utførast som 550 m mikrotunnel og 500 m nedgraven røyrgate. Det er planlagt 40 m ny veg til kraftstasjonen og 700 m mellombels anleggsveg til tunnelpåhogg. Middelvassføringa i Nøvedalselva er berekna til 690 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1700 l/s. Kraftverket får ein installert effekt på ca. 4,5 MW og vil etter planane gje ein årsproduksjon på om lag 12 GWh. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 120 l/s i sumarsesongen og 20 l/s om vinteren.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Nøvedalselva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredninger etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Ørsta kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Servicekontoret i Ørsta rådhus fram til **31.8.2018**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **31.8.2018**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Tord Solvang
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Kopi av kunngjering
 Orientering til høyringspartane
 Søknaden (berre til kommunen)

Mottakerliste:

Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
MØRENETT AS
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal
Norges Miljøvernforbund
Norsk Ornitologisk Forening avd. Møre og Romsdal
Statens Vegvesen - region vest
Statnett SF
Sunnmøre Friluftsråd
Ørsta kommune
Ålesund-Sunnmøre Turistforening

Kopi til:

SMÅKRAFT AS v/Martin Vangdal